


Bømlo symjehall



Opningstider og prisar

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
	Offentleg morgonsymjing 07.00-08.00			Offentleg morgonsymjing 07.00-08.00		
			Offentleg symjing 15.00-17.00		Offentleg symjing 10.00-12.00	
Stengt for offentlig bading	Offentleg bading 17.00 -20.00	Offentleg bading 17.00 -20.00	Offentleg bading 17.00 -19.00	Offentleg bading 17.00 -20.00	Offentleg bading 12.00-16.30	Offentleg bading 12.00-16.30

NB! Det vert egne opningstider i skuleferiane.

Type billett	Vaksen	Barn (0-16 år)	Honnør/student	Merknad
Ordinær billett	60,-	35,- <i>Badebleie føl med i billett ved behov</i>	45,-	Badetid inntil 2 timar dersom ikkje anna beskjed vert gitt ved kjøp av billett
Klippekort 13 klipp	600,-	350,-	450,-	Klippekort er personleg og blir registrert med bilde. 100 kr. for personleg armband
Årskort	2400,-	1000,-	1500,-	Årskort er personleg og blir registrert med bilde. 100 kr. for personleg armband
Familie billett	150,-			2 vaksne + 2 barn - kr. 30 pr. ekstra barn

- Ved offentlig symjing er det tilrettelagd for symjing i begge bassenga. Det er då ikkje ope for fri leik.
- På morgonsymjing bør ein ha årskort eller klippekort. Ved enkeltbillett må du venda deg i billettluke mellom kl. 06.50 og kl. 07.00.
- På tidene for offentlig symjing vil nokre av banane bli nytta til organisert symjetrening for medlemmar i symjeklubben.



Reglar for bruk av symjehallen

- Ein må vera fylt 12 år for å gå aleine i symjehallen. Barn under 12 år må ha med seg ein vaksen over 18 år.
- 10-åringar kan ta «våtkort» slik at dei får løyve til å gå aleine. Ein vaksen kan ha med seg inntil 3 barn under 12 år (evt. 10 år dersom våtkort).
- Badebleie er påbode i bassenget for alle barn som nyttar bleie. Badebleie er inkludert i billetten for barn som nyttar bleie.
- Alle må dusje utan badetøy, og vaske kropp og hår med såpe før ein går i bassenget av hygienemessige årsakar. Det er dusjnasje med dør på alle dusjane.
- Det er kun badetøy som er tillatt i bassenget. Det er ikkje løyve til å ha undertøy under badetøyet eller anna tøy over som t.d. t-shirt.
- Det er forbod mot tyggis og snus i symjehallen.
- Dersom ein har langt hår skal håret samlast i ein strikk eller ein kan nytte badehette.
- Det er generelt fotoforbod i symjehallen - unnatak ved offentlege stemne, under instruksjon eller etter avtale.



Kven er me?

Bømlo symjehall er eit topp moderne svømmeanlegg på 2.000 rutemeter. Anlegget rommer eit standard konkurransebasseng på 25 meters lengde med seks banar, og stupetårn med tre og fem meter. I tillegg er det bygd eit opplæringsbasseng i 15 meters lengde. Hovudentreprenør var Engelsen bygg og arkitekt var Vikanes Bungum.

Du vil møta:



Elin Steinsbø

Dagleg leiar

53 42 32 60 / 952 48 744

elin.steinsbo@bomlo.kommune.no

Badevertane



Foto: Elin Steinsbø



Foto: Simon Knutsson Sortland

Korleis kjem du i kontakt med oss?

Telefon 53 42 32 60
Mobil 908 03 867
bomlo.symjehall@bomlo.kommune.no

Besøksadresse:

Bømlo symjehall
Idrettsvegen 89
5430 Bremnes

Opningstider:

Offentleg bading alle dagar i veka utanom måndagar.



Bømlo symjehall



- for trivsel og trening



Foto: Magne Långåker/Sydvest




Foto: Simon Knutsson Sortland



Bømlo symjehall

